Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Tingvoll,13.11.2026

Sunndal kommune
post@sunndal.kommune.no

VOLLASETERVEGEN 2 - KLAGE

Dykkar ref. 24/01855-17

Vi viser til vedtak i Teknikk-, miljø- og kulturutvalget den 13.10.2026, saksnummer 32/26

Naturvernforbundet klagar på vedtaket. Vi meiner det er ugyldig, og om det ikkje er ugyldig så er det feil og må gjerast om.

Naturvernforbundet kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

I samband med krav om utsett klagefrist bad vi også om oppsetjande verknad av førebels klage: Vi bed om at klaga får oppsetjande verknad då naturverdiane klårt vil ta skade som ikkje kan reverserast om vegen blir bygd. 6.11.2026 fekk vi meldt at kravet ikkje var tatt til følgje.

I samband med innlevering av grunngjeve klage bed vi på ny om at klaga får oppsetjande verknad. I tillegg til at det no er grunngjeving av klaga, så vil vi også nemne at klageorganet ofte brukar eit år før klaga blir avgjort. På den tida kan det skje mykje skade.

Kunngjering og klagefrist
Det er mogleg at vi ikkje meistrar Altinn godt nok til å vere sikre på at vi får vedtak som i denne saka. Årsaka til at vi no veit om vedtaket skuldast eit tips vi har fått 1.11.2026.

Sidan saka vedkjem slåttemark og utvald naturtype, vil vi også få varsel frå Miljøvedtaksregisteret når det er gjort vedtak i sak som kan påverke utvald naturtype. Det har vi ikkje fått i denne saka. Det kan skuldast at det ikkje er gjort vedtak etter nml kap VI, eller at det ikkje er lagt inn på Miljøvedtaksregisteret. Denne kunngjeringa er elles offentleg og tilgjengeleg på abonnement for dei som ikkje får vedtaket tilsendt på annan måte.

Vurdering – bruk av regelverk - krav om reguleringsplan
Alle søknader etter landbruksvegforskrifta skal vurderast med omsyn til om dei skal gå etter plan- og bygningslova eller om forenkla handsaming kan vere aktuell. Dette er ein typisk sak der inngrepet i seg sjølv kan ha liten utstrekning, men at verknaden av inngrepet kan vere både stor og samansett. Det er vidare tale om brukargruppe som er avhengige av ei opa høyringsprosess for å få med seg saka.

I dette tilfellet meiner vi at det er store naturverdiar av ulike slag som kan bli påverka. Ein del er kartlagd i området, men ikkje med tanke på bygging av traktorveg og skogsdrift. Såleis er ein del kartlegging skjedd i samband med verna areal i området. Noko kartlegging har skjedd i samband med kraftutbygging. Vidare har det vore fleire kartleggingar av kulturmarka. På andre sida av fylkesgrensa er det også naturverdiar, i tillegg til at inngrepet er synleg.

Vidare er det tale om ein setervoll. Sjølv om det ikkje er vanleg seterdrift på Vollasetra, er delar av seterlandskapet i såpass god tilstand at det ikkje er så mange område i Sunndal med liknande verdiar. Vi merker oss elles at vegtraseen er lagt svært nære Nersetra. I følgje Seterbok for Sunndalen[1] er dette tidlegare plassering av Vollasetra. Vi har sett steintufter i dette området. Botanikken er noko kartlagd, men ikkje i ein slik grad at ein veit om det er raudlisteartar der.

I tillegg til at alt vi her har nemnt har høge verdiar i seg sjølv, er det ein stor verdi i at alt dette finst i ein heilskap i same området.

Heile Vollaseterlia har store naturverdiar, både som følgje av opphaveleg natur, og kulturbetinga natur. Hogst vil vere ein naturleg følgje av eit løyve for traktorveg. Verknaden av hogst på naturen skal difor vere med i vurderinga.

Kommunen har vist i denne saka at andre sine rettar ikkje blir tatt i vare ved sakshandsaming etter landbruksvegforskrifta. Dette er ein ytterlegare grunn til at Sunndal kommune skal handsame denne typen som ein reguleringsplan.

Vi meiner det er ein sakshandsamingsfeil å ikkje handsame saka etter plan- og bygningslova, og at vedtaket er ugyldig.

Vilkår for å gje dispensasjon
Bygging av traktorveg krev dispensasjon frå arealplanen.
På Vollasetra er det eit element av turisme. Det er mogleg å sjå føre seg at ein traktorveg har innverknad på dette.
For turistar som går stien frå dalen og opp til Vollasetra, og vidare vil traktorvegen opplevast som eit inngrep som reduserer opplevingsverdiane. Dei som helst vil gå på ein traktorveg har mange tilbod andre stader. Dei som vil oppleve den bratte og smale stien gjennom kulturlandskapet samtidig som dei kan sjå for seg folket i eldre tider som gjekk lia opp og ned gjennom sommaren, har ikkje så mange alternativ i Sunndalen.

Turistforeininga frakter i dag proviant m.v. til Vollasetra. Dette skjer med helikopter, truleg litt sjeldnare enn årleg. Ein kan sjå for seg at transporten vil vere mogleg med traktor langs ein traktorveg som stoppar før ein kjem fram. Det er ikkje openbert at det vil vere nokon fordel med traktorløysing.

Setervollen på Vollasetra er utvald naturtype. Dvs. at det ikkje er aktuelt å køyre med traktor over vollen, eller slå området med traktor

Naturvernforbundet har slått vollen på Vollasetra med ljå i åra 2011-2018. Det er vår vurdering at mykje av denne vollen er vanskeleg å slå med tohjulsslåmaskin. Det vil seie at det må til ein del slått med ljå i alle fall. Fordelen med tohjulslått må vegast mot kostnaden med tohjulsslåmaskin og drift av


[1] Gravem, Tor Helge, 2018. Seterbok for Sunndal

denne. Naturvernforbundet er av den meining at det alt i alt ikkje er nokon fordel med tohjulsslåmaskin på Vollasetra.

Heile Vollalia, frå dalen til skoggrensa er full av lauvtre. Vil ein hogge denne skogen, må ein ta ein del omsyn:
- Det er avgrensa kor langt frå traktorvegen det kan vere lønsemd i å hente strangar til ved
- Eit kulturlandskap med haugar av kvist vil vere negativt for opplevinga av landskapet
- Så snart ein køyrer utanfor traktorvegen må ein rekne med skader på terrenget
- Strangane må slepast ein del hundre meter før dei ligg ved bilveg. Dei vil bli grisa til ved køyring på tint mark, og køyring på frosemark kan fort ha stor risiko.
- Heile arealet er vernskog med krav til korleis skogen kan driftast
- Hogst der det blir ståande igjen for få tre vil føre til auka rasfare
- Alm må stå igjen
- Det står truleg så mykje annan skog i Sunndalen at det er uaktuelt å hogge i Vollalia fordi dette løner seg dårlegare.

Det er ikkje gjort greie for at det utvilsamt er større fordelar enn ulempe med traktorveg i denne saka.

Slåttemark

Kartlegging av semi-naturleg eng på Vollasetra har gått føre seg sidan før 2000. I denne tida har både vegetasjonen og kartleggingsmetodane endra seg. Vidare finst det også kartleggingar som ikkje er innlagt i naturbase. På kartet ved sidan av kan ein rekne turkis område som semi-naturleg eng, areal omramma med brunt har i nyare tid vore slått sidan 2011 og må reknast som slåttemark. Resten kan vel reknast som beitemark, meir og mindre tresett. Dei aktuelle naturtypane er sterkt truga (EN) eller kritisk truga (CR). Slåttemark er utvald naturtype når ho er i skjøtsel.	

Når det er tale om ein lokalitet som er Utvald naturtype i nærleiken, skal det klarleggast om denne blir påverka. Resultatet skal kunngjerast på Miljøvedtaksregisteret. Dette følgjer av nml. Kap. VI.

Naturvernforbundet har i perioden 2011-2018 gjort restaureringsarbeid og skjøtselsslått på Vollasetra og delar av Langbakksetra. Noko av slåttemarka på Vollasetra kan slåast med tohjulslåmaskin, men mykje av arealet må ein bruke ljå på i alle fall. (Langbakksetra ligg vesentleg betre til rette for bruk av tohjulslåmaskin.). Det er sannsynleg at slått med ljå gjev betre timeløn enn slått med tohjulsslåmaskin på Vollasetra. Det er ikkje bruk for traktorveg for å gjennomføre denne slåtten. I den tida Naturvernforbundet stod for slåtten blei all transport gjort utan motorferdsel.

Naturvernforbundet reknar seg å ha god kunnskap om denne typen slått, naturtypar og artar, og det er få andre som kjenner slåttemarka på Vollasetra betre enn oss. Vi slår areal elles i fylket som samla er større enn det som er på Vollasetra og Langbakksetra, og har gjort det i alle fall sidan midten på 1990-talet.

Avlinga som blir på Vollasetra har ikkje gått til dyremat utanom det som blir beita, sidan ein gong kring midt på 1960-talet. Det er ikkje mogleg å levere gras med overskott ved bilveg frå Vollasetra, med eller utan traktorveg.

Aktiv beiting fram til slåttetidspunkt er ikkje aktuelt, då poenget med utvald naturtype slåttemark er at graset får stå ubeita fram til slåttetidspunktet.


Kostnaden med slått av Vollasetra utgjorde årleg ca. 1/20 av byggekostnaden av omsøkte veg, jf. søknaden. Anskaffing av reiskap og vedlikehald er då med i summen.

Nersetra
Nersetra er avmerka på kart. I seterbok for Sunndal er Nersetra nemnt som seter før Vollasetra Underteikna var der i 2012 og gjorde ein del floraregistreringar. Artskart syner ikkje andre registreringar. Kartlegginga i 2012 må reknast som ei tilfeldig kartlegging. Det var då eit område som var å rekne som beitemark og kan hende litt slåttemark, men ikkje aktuell for restaurering. Det bør nemnast at det blei funne ein del blyttsveve. Blyttsveve finst i tillegg på Vollasetra, Langbakksetra og på Liabøsetra i denne delen av Noreg. Arten er sjeldan. Sidan områda rundt har stor artsrikdom, må ein ta høgde for det og undersøke området betre. Ein må vidare rekne med at Nersetra har vore og kan hende framleis er ein god insektbiotop.

Grense for verneområde
Naturvernforbundet meiner at det er ei vesentleg saksopplysing å ha med eit kart som viser vernegrenser i området. Vi har så vidt funne eit par strekar på eit kart, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å opplyse saka. Utvalet som har gjort vedtak har mangla denne opplysinga.

Vernskog og skog som står i rasområde
Heile området kan vere utsett for ras. Vidare er all skogen i området å rekne som vernskog. Det legg ein del bindingar på kva som kan hoggast og korleis det kan hoggast. Hogsten kan rimelegvis ikkje bli rasjonell.

Kartet med avgrensinga av vernskog i området finst ikkje i saksdokumenta.



Gislink: Vernskog

Naturmangfaldlova § 12

§ 12.*(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)*



For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

I denne saka er det lagt opp til bygging av traktorveg og bruk av tohjulsslåmaskin for å drive skjøtsel på Vollasetra. Spørsmålet er om dette er beste svaret på nml § 12. Naturvernforbundet meiner at skjøtsel med ljå kan vere vel så god for resultatet, med økonomisk innsats ikkje over det som er lagt opp til, jf. søknaden. Med Naturvernforbundet si løysing er det ikkje bruk for traktorveg. Det manglar vurderingar jf. nml § 12.

Økonomi i prosjektet
I søknaden står det at kostnaden er rekna til 200 000. Når skogbruket har ein andel på 98%, må det tyde at det kan reknast ei inntekt på noko over kr 200 000 på hogst i bjørkeskogen nær Vollasetra. Denne bjørkeskogen kan ikkje hoggast alt på ein gong som følgje av krava knytt til ras og andre krav. Det tyder at mogleg inntekt kjem over mange år, og noverdien må reknast på.
Å slepekøyre strangar frå øvst i lia er heller ikkje optimalt for økonomien i prosjektet. Når ein ser rundt om på vedaskog som står på rot, ser det ikkje ut som økonomien er god sjølv om føresetnadene er enklare.

At prosjektet kan gå i pluss økonomisk med aktuelle vilkår er ein føresetnad for å gje dispensasjon frå vedtatt arealbruk. Det må ligge føre truverdige utrekningar av økonomien i prosjektet.

Utsegner i vedtaket som vi vil kommentere

Frå vedtaket	Naturvernforbundet sin kommentar
Side 1: Hvis det oppdages kulturminner under vegbyggingen må arbeidet stanses og fylkeskommunen varsles.	Det er tuft(er?) av stein ved Nersetra. Det er spor etter steingard mellom Nersetra og øvre ende av omsøkt veg.
Side 3: Som faglig råd anbefaler NVE at skogen innenfor vegens dekningsområde forvaltes på en måte som opprettholder skogens skredforebyggende funksjon. Det vises til relevant veiledningsmateriale om skogsveger, vernskog og naturfare som bør legges til grunn i den videre saksbehandlingen.	NVE er konkrete om rettleiingsstoff som finst og som bør leggast til grunn i vidare sakshandsaming. Kommunen har lest «bør» som «ikkje nødvendig», og utvalet må sjølv gå inn på NVE si nettside for å få vite meir. Rettleiinga omhandlar venteleg tema som har noko å seie for korleis skogen kan driftast.
Side 4: Videre påpekes det at den planlagte vegen ved Vollasetra ser ut til å berøre en registrert slåttemark av høy verdi.	Nml kap. VI omhandlar utvald naturtype. Kommunen har berre vist til kap II. Kommunen brukar derimot den utvalde naturtypen som påskot for å kunne gje løyve til vegen.
Side 4: Naturmangfoldlovens prinsipper, herunder §§ 8–12, må vurderes og synliggjøres i saksutredning og vedtak.	Areala frå der omsøkte veg ender og vidare opp har store megde artsregistreringar. Det er også betydeleg informasjon om naturtypar. Langs den øvre delen av omsøkt traktorveg er det svært lite artsregistreringar, påtakeleg lite når ein ser kva som finst elles. Viss dette er sanninga, så må det gå fram av sakshandsaminga at dette ser rimeleg og rett ut. Kan ein ikkje gje ei slik forklaring, må ein finne ut kva som finst i området.
 Frå kartvedlegget i utvalssaka	 Frå Artskart, raudlisteartar. I blått areal er det 15 registreringar av kvitkurle (VU)
Side 5: Det er etter administrasjonens vurdering dokumentert at vegen vil være til betydelig nytte for skogbruket.	Vi har ikkje sett nokon dokumentasjon av nytten.
Det er dokumentert et reelt behov for vegen knyttet til både skogbruksdrift og skjøtsel av jordbruksarealer.	Det kan ikkje brukast traktor på Vollasetra utan å øydelegge den utvalde slåttemarka. Naturvernforbundet har dokumentert at jordbruksarealet kan skjøttast utan motorkøyretøy.
Selv om tiltaket berører viktige frilufts-, landskaps- og naturverdier, kan ikke kommunen	Vi har ikkje sett utrekningar av nytte på dei ulike føremåla. For jordbruket er det tvilsamt om det

se at disse interessene representerer en egen nytte ved tiltaket som overstiger landbruksnytten.	kan vere ein verdi som gjev lønsemd. Det er svært sannsynleg at friluftslivet kjem ut med ein økonomisk vinst viss tiltaket ikkje blir gjennomført.
I forhold til Nml §8 (kunnskapsgrunnlaget): Saken er vurdert i forhold til opplysninger som ligger i Naturbasen. Det er registrert naturbeite ved enden av vegen.	Det ser ut som Artskart ikkje er sjekka. Dermed er det ikkje kjennskap til artsmangfald. Det ser også rart ut når utvald naturtype slåttemark ikkje er registrert. Det manglar vurderingar.
I forhold til Nml §9 (føre-var-prinsippet): Der det er tvil om kunnskapsgrunnlaget bør tiltak avslåes. Kommunen har vurdert kunnskapsgrunnlaget i denne saka til å være godt nok i forhold til å fatte vedtak.	Vi kan ikkje forstå anna enn at det er usikkerheit når det gjeld artsmangfald ved Nersetra og vidare opp til vegenden. Den nedste delen av Vollasetervegen 2 er heller ikkje godt undersøkt.
I forhold til Nml §10 (økosystemtilnærming og samlet belastning): Nml § 10 sier at påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samla påvirkningen. Vår vurdering er at vegutbyggingen ikke vil føre til særlig økt motorisert ferdsel i området, men mulig noe økt turgåing. Det er ikke registrert rødlistearter i traseen eller vegens dekningsområde.	Vegens dekningsområde går ikkje fram av kart. I den grad vi veit noko om dette, så er det ved å legge til grunn innteikna vegtrase. Vi ser ikkje noko som tyder på at dekningsområdet er nærare undersøkt. Ved øvre ende av vegen er det 15 registreringar av kvitkurle som står på raudlista. Førekomsten kan lett bli negativt påverka.
Vurdering i forhold til friluftsliv	I den grad friluftslivet treng traktorvegar, så er dei alt bygd. Det som er mangelvare er stiar slik dei ofte var knytt til kulturlandskapet. I dette tilfellet er effekten på friluftslivet klart negativ.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi:
Statsforvaltaren, sfmrpost@statsforvalteren.no
Fylkeskommunen, post@mrfylke.no
Verneområdestyret for Trollheimen. sftlpost@statsforvalteren.no